



NVE

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.

14/825-16/17/1823

Arkivkode:

K2 - K54

Dato:

09.02.2017

VEDR. JUSTERING AV REGULERING AV HETLANDSVATNET - SØKNAD FRÅ FISTER SMOLT. REFERANSE 201506813-4

Me viser til nyttig møte og synfaring på Fister 8.2.2016. I samband med synfaringa vart det sagt at det var høve til å koma med supplerande merknadar innan eit par veker etter nemnde dato.

Kommunen viser til tidlegare innsendt uttale i saka, med samrøystes støtte til søknaden frå Fister Smolt. På synfaringa vart det på ein god måte belyst at den største utfordringa er manglande magasinkapasitet i peioder med lange tørkeperioder sommarstid. Då blir tørken ei utfordring både for fastsett minstevassføring, og for smoltanlegget. Løysinga på dette bør vera høve til større magasinkapasitet på den tida av året.

Ved slutten av synfaringa vart det sagt at ein kunne rekna med ei avklaring i saka over sommaren. Det er alltid vanskeleg å spå om veret, slik kan det hende at komande sommar ikkje vil representera noko tørkeproblem. Men for alle parter hadde det vore veldig bra om den avklaringa kunne kome på forsommaren i staden for hausten. Så me vil oppmoda dykk om å sjå på om det er mogleg.

Synfaringa tok for seg eit breitt spekter av problemstillingar, mange knytt til sjølve elva der bedriften ikkje er grunneigar. Me vil be NVE i denne runden i hovudsak konsentrera seg om saka som gjeld sjølve vatnet, og tilgang på meir magasinvatn sommarstid. Dette er ikkje eit kraftverk, men ein bedrift som skal ta seg av levande organismer i form av smolt, året rundt.

Me takkar for god dialog og vonar det let seg gjera med ei tidleg avklaring.

Med helsing
Plan og forvaltning

Haldis Karine Nilsen
Plan- og forvaltningssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

